



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Håvard Rød, 5557 2143

Vår dato  
16.09.2016  
Dykkar dato  
01.07.2016

Vår referanse  
2016/7996 331.2  
Dykkar referanse

Kommunal- og moderniseringsdepartementet,  
Postboks 8112 Dep.,  
0032 Oslo

### Tilskot ved skjøn for 2017

Fylkesmannen har motteke brev av 01.juli d.å. frå departementet om ordinært skjønstilskot for 2017. Fylkesmannen har fordelt kr. 95,3 mill. av ei ramme på kr. 127,7 mill. Det vil seie at det er ei attståande ramme med kr. 32,4 mill.

I den attståande ramma inngår midlar til uventa økonomiske utfordringar i året med minst kr. 6,4 mill., som utgjer fem prosent av ramma. Uventa økonomiske utfordringar omfattar også naturskade.

Fylkesmannen vil fordela attståande skjønnsramme gjennom året både til prosjektskjøn, uventa hendingar og generelt. I den grad det ikkje er behov for å gi tilskot knytt til uventa økonomiske utfordringar og hendingar, vil midlane bli fordelte til andre føremål eller generelt hausten 2017.

#### Arbeidsgivaravgift (DAA)

Det er tidlegare gitt kompensasjon til kommunar som vart overførte frå sone 2 til sone 1 for arbeidsgivaravgift frå og med 2004 og som ikkje er tilbakeførte til sone med lågare arbeidsgivaravgift seinare (2007).

Kompensasjon for høgare arbeidsgivaravgift inngår i den samla basisramma frå og med 2015. Kompensasjon knytt til arbeidsgivaravgift er blitt trappa noko ned i 2015 og 2016 for dei aktuelle kommunane i fylket. Nedtrapping av kompensasjon blir gjort slik at fordelinga av skjønsmidlane over tid skal vere rettferdig i høve til andre kommunar utan denne kompensasjonen.

Kvinnherad kommune sin kompensasjon vart halvert for 2015 og teke heilt bort for 2016. Kommunen har høg årleg eigedomsskatt frå kraftanlegg.

For dei andre kommunane som har fått eigen kompensasjon for arbeidsgivaravgift (Etne, Bømlo, Tysnes, Jondal og Kvam) er kompensasjonen trappa noko ned i 2015 og 2016. Vi legg opp til noko nedtrapping også for 2017.

I 2014, før nedtrappinga byrja, vart det gitt følgjande kompensasjon, i mill. kr.:

Etne	3,6
Bømlo	9,5
Tysnes	3,6
Kvinnherad	14,3
Jondal	1,6
Kvam	9,4
Sum	42,0

#### Bergen

tilskot 2016,           kr. 16,2 mill.

Kommunen arbeider målretta med å betre oppvekstvilkåra for barn og unge samt styrke det kulturelle og sosiale miljøet i delar av byen som har levekårproblem.

Etablering av nye mottaks og oppfølgingsentre (MO - sentre) har medført også auka behov for andre tenester i det kommunale tenestetilbodet, blant anna knytte til det bustadsosiale området.

Kommunen viser til at kostnadsutviklinga innafor barnevernstenesta, psykiatri og ressurskrevjande omsorgstilbod er større enn det som kan bli forklart med den demografiske utviklinga.

Kommunen gir som regionsenter tilbod også til innbyggjarar utanfor kommunen, blant anna innafor brannberedskap, kultur og sikring av kulturminne.

Kommunen har årleg i perioden 2011 - 2016 fått kr. 46,6 mill. i ekstraordinært skjønstilskot for kommunar som tapte mykje på endringane i inntektssystemet frå og med 2011. Denne kompensasjonen blir teken bort for 2017.

tilskot 2017,           kr. 16,7 mill.

#### Etne

tilskot 2016,           kr. 3,7 mill.

Kommunen har frå og med 2004 vore plassert i sone for høgaste arbeidsgivaravgift. Kompensasjon for høgare avgift er blitt trappa ned i 2015 og 2016. Kompensasjon for høgare avgift blir også trappa ned for 2017.

Distriktstilskotet for Sør - Noreg til kommunen vart redusert mykje frå 2014 til 2015 som følgje av omlegginga av ordninga.

Kommunen har eit omfattande investeringsprogram for dei neste åra, med nytt omsorgssenter og ombygging av eksisterande omsorgssenter som dei største investeringane.

Kommunen har utfordringar med trafikkisikring og må ha beredskap i samband med dei lange tunnelane på E134 langs Åkrafjorden.

Kommunen viser til at planprosessane er krevjande med mykje dyrka jord, verna vassdrag og mange kulturminne.

Kommunen utvida eigedomsskatten frå verk og bruk til også bustad- og fritidseigedomar frå og med 2015.

tilskot 2017,           kr. 3,6 mill.

#### Sveio

tilskot 2016,           kr. 3,7 mill.

Kommunen har hatt høg vekst i folketalet og i talet på barn i skulepliktig alder dei seinaste åra. Det er vedteke å bygga ut og rehabilitera Sveio skule i år og neste år, blant anna på bakgrunn av auken i talet på skulebarn. Det er ei stor investering for kommunen.

Det er om lag 2000 hytter i kommunen. Kommunen må yta heimetenester til hyttebrukarar som har behov for det. Det er også behov for å styrka brannberedskap knytt til fritidsbustadene.

Kommunen har stor gjennomgangstrafikk både på veg og sjø. Alvorlege ulykker samt tidlegare brannar i kommunen gjer det nødvendig med høg beredskap.

Kommunen har fått veksttilskot i perioden 2014 - 2016, men det er rekna med at dette tilskotet fell bort for 2017.

tilskot 2017,           kr. 3,8 mill.

#### Bømlo

tilskot 2016,           kr. 10,0 mill.

Kommunen har frå og med 2004 vore plassert i sone for høgaste arbeidsgivaravgift. Kompensasjon for høgare avgift er blitt trappa ned i 2015 og 2016. Kompensasjon blir trappa ytterlegare ned i 2017.

Kommunen har årleg i perioden 2011 - 2016 fått kr. 3,7 mill. i ekstraordinært skjønstilskot for kommunar som tapte mykje på endringane i inntektssystemet frå og med 2011. Denne kompensasjonen blir teken bort for 2017.

Kommunen er ein tidlegare vertskommune for HVPU - reforma og har mange ressurskrevjande brukarar. Kommunen viser til relativt store kostnader til ressurskrevjande brukarar, også etter at det blir gitt kompensasjon gjennom tilskotsordninga.

Kommunen viser til økonomisk tap knytt til omlegginga av finansiering bufellesskap for einlege mindreårige flyktningar.

tilskot 2017,           kr. 9,7 mill.

### Stord

tilskot 2016,           kr. 2,0 mill.

Kommunen er regionsenter og har tilbud som blir nytta av innbyggjarar frå nabokommunane, t.d. ulike fritidstilbod for funksjonshemma. Det er også mange studentar og arbeidstakarar frå andre kommunar som oppheld seg i kommunen.

Kommunen har høge utgifter til rusomsorg. Som regionsenter er det relativt mange personar med rusproblem i kommunen. Det medfører auka kostnader med å skaffa bustad, oppfølgings-teneste og økonomisk sosialhjelp.

Kommunen har mange sysselsette innafor leverandørindustrien til oljeverksemda. Det er store variasjonar i skatteinntektene som følgje av svingingar i aktiviteten.

Kommunen har no høg arbeidsløyse og får i år i underkant av kr. 13 mill. i statleg eingongs-tilskot i samband med kommunal tiltakspakke.

Kommunen står føre store investeringar i dei neste åra. Det er investering i nye ungdoms-skular, idrettshall, nye sjukeheimplassar og nye gravplassar. Det er etterslep på bygnings-vedlikehald.

tilskot 2017,           kr. 2,3 mill.

### Fitjar

tilskot 2016,           kr. 3,1 mill.

Kommunen har relativt mange ressurskrevjande brukarar. Det er også brukarar som på grunn av alderen ikkje lenger er i refusjonsordninga. Kommunen viser til at fleire psykisk ut-viklingshemma, som ikkje lenger kjem inn under tilskotsordninga, får auka behov for tenester som følgje av høg alder og sjukdom.

Kommunen vil i 2017 få stor inntektsreduksjon som følgje av graderinga av basistilskotet og halvering av småkommunetilskotet.

Kommunen har frå og med 2009 utvida eigedomsskatten frå verk og bruk til faste eigedomar i heile kommunen. Eigedomsskatten har auka frå om lag kr. 6,3 mill. i 2012 til om lag kr. 14,3 mill. årleg i 2014 og 2015. Auken i eigedomsskatt etter 2012 skuldast at det er gjennomført utbygging med vindmøllar.

tilskot 2017,           kr. 3,1 mill.

### Tysnes

tilskot 2016,           kr. 4,3 mill.

Kommunen var frå 2004 plassert i sone for høgaste arbeidsgivaravgift. Kommunen vart ført tilbake til sone 2 for avgift frå 01.juli 2014. Det er difor gjort trekk i rammetilskotet (særskilt fordeling ) frå og med 2015. Det er lagt opp til at dette trekket blir trappa ned over fem år, det vil seie 20 prosent årleg nedtrapping. På denne bakgrunn finn vi det riktig å også redusera den kompensasjonen som er gitt knytt til arbeidsgivaravgift.

Kommunen vil også i 2017 få småkommunetilskot. Dette tilskotet blir redusert med ti prosent i høve til fullt tilskot, på grunnlag av kommunen sin distriktsindeks.

Det er mange fritidsbustader i kommunen. Det er fleire fritidsbustader enn heilårsbustader. Det fører til auka behov for helsetenester, brannberedskap og utbygging av infrastruktur.

Kommunen har mange fornminne. Det gir utfordringar blant anna i samband med areal-spørsmål og planlegging av kommunale investeringar.

tilskot 2017,           kr. 4,0 mill.

#### Kvinnherad

Kommunen har høg eigedomsskatt frå vasskraftanlegg. Kommunen har ikkje eigedomsskatt på bustader og fritidseigedomar. Eigedomsskatten i 2015 var om lag kr. 67 mill.

Kommunen var frå 2004 plassert i sone for høgaste arbeidsgivaravgift. Kommunen vart tilbakeført til sone 2 for avgift frå 01.juli 2014.

Kommunen har årleg i perioden 2011 - 2016 fått kr. 5,2 mill. i ekstraordinært skjønstilskot for kommunar som tapte mykje på endringane i inntektssystemet frå og med 2011. Denne kompensasjonen blir teken bort for 2017.

På bakgrunn av høg årleg eigedomsskatt frå kraftanlegg, er det ikkje gitt skjønstilskot til kommunen frå og med 2016.

#### Jondal

tilskot 2016,           kr. 1,9 mill.

Folgefonna er eit populært reisemål. Kommunen har investert i tilkomstvegen for å ivareta tryggleiken til dei køyrande. Kommunen har hatt høge investeringsutgifter i tillegg til vedlikehaldsutgiftene på veggen.

Kommunen vart frå 2004 plassert i sone for høgaste arbeidsgivaravgift. Kommunen vart tilbakeført til sone 2 for avgift frå 01.juli 2014. Det blir vist til kommentar om arbeidsgivaravgift for Tysnes kommune. Vi finn det riktig å redusera kompensasjon knytt til arbeidsgivaravgift på bakgrunn av at trekk i rammetilskotet blir trappa ned med 1/5 årleg.

Kommunen vil få fullt småkommunetilskot også i 2017.

tilskot 2017,           kr. 1,7 mill.

#### Odda

Kommunen har hatt ei negativ utvikling i folketalet over lang tid. Hjørnesteinsverksemda Odda Smelteverk gjekk konkurs i 2003. Det førte til fleire utfordringar for kommunen.

Kommunen har ei alderssamansetjing med mange eldre. Kommunen har mange av dei same utfordringane som i større byar, blant anna innan rusomsorg.

Kommunen har høg eigedomsskatt frå vasskraftanlegg. Kommunen har ikkje eigedomsskatt på bustader og fritidseigedomar. Eigedomsskatt i 2015 var kr. 78 ½ mill. Det ordinære skatteinivået er også høgt, som følgje av naturressursskatt.

Vi finn ikkje å kunne gi ordinært skjønstilskot for 2017.

#### Ullensvang

tilskot 2016,           kr. 2,6 mill.

Kommunen har hatt ei svak inntektsutvikling i dei seinare åra, blant anna som følgje av fall i kraftprisane og nedgang i aldersgrupper som tel mykje i inntektssystemet. Det var i mange år nedgang i folketalet, men folketalet har vore stabilt i dei siste åra.

Kommunen har gjennomført tiltak med sikte på økonomisk balanse. To av seks barneskular i kommunen er lagde ned med full verknad frå 2014. Eigedomsskatt er utvida frå verk og bruk til faste eigedomar i heile kommunen.

Kommunen har ei spesiell utfordring med radonstråling. Prosjekt er gjennomført finansiert med prosjektskjøn frå Fylkesmannen og tilskot frå Statens strålevern. Kommunen må framleis følgje dette opp.

Kommunen bygde på 1980 - talet to sjukeheimar. Desse sjukeheimane har behov for ombygging og opprusting som følgje av slitasje og endra driftsformer. Den kommunale heimehjelpa og legetenesta er krevjande som følgje av geografiske tilhøve. Tenestene må vere på begge sider av Sørfjorden.

Distriktstilskotet for Sør - Noreg er blitt redusert etter omlegginga av ordninga og vil bli ytterlegare redusert i 2017.

tilskot 2017,           kr. 2,6 mill.

#### Eidfjord

Kommunen har høg eigedomsskatt frå vasskraftanlegg og høg naturressursskatt. Fylkesmannen finn ikkje å kunne gi skjønstilskot for 2017.

#### Ulvik

Kommunen har eit relativt godt inntektsgrunnlag med eigedomsskatt frå vasskraftanlegg. Ordinært skatteinivå er relativt høgt som følgje av naturressursskatt.

Kommunen har frå og med 2013 fått småkommunetilskot og vil få fullt tilskot også i 2017.

Fylkesmannen finn ikkje å kunne gi skjønstilskot for 2017.

#### Granvin

tilskot 2016,           kr. 1,5 mill.

Kommunen har i fleire år hatt nedgang i folketalet. Det har ført til ei svak utvikling i dei frie inntektene. Kommunen har gjennomført tiltak med sikte på auke i folketalet, blant anna gjennom å leggja til rette for bustadbygging.

Kommunen vil få auka utgifter til legevakt etter at det er vedteke å gå inn i interkommunal legevakt. Kommunen viser til at det førebyggjande helsearbeidet no er sårbart, med aukande behov innan rus- og psykiatri.

Det er etterslep på vedlikehaldet av kommunale vegar. Dei kommunale vegane er viktige for å oppretthalde busetjinga i grendene og på gardane.

Kommunen har i dei siste åra i samarbeid med NVE gjennomført tiltak for å sikra Granvinsvassdraget mot flaum.

tilskot 2017,           kr. 1,7 mill.

#### Voss

tilskot 2016,           kr. 5,4 mill.

Den låge kraftprisen har gitt kommunen inntektsbortfall både gjennom lågare eigedomsskatt, lågare konsesjonskraft og redusert utbytte frå kraftselskap. Kommunen har i økonomiplanperioden 2013 - 2016 innført ei rekkje omstillingstiltak for å redusera utgiftene og få auka effektivitet.

Det er aukande utgifter knytte til at kommunen har mange eldre, også mange ressurskrevjande brukarar over aldersgrensa for statlege tilskot.

Kommunen har mange fritidsbustader og hotellsenger. Det fører til auka etterspurnad etter kommunale helse og omsorgstenester i delar av året. Kommunen er regionsenter med fleire vidaregåande skular. Dei elevane, som kjem frå andre kommunar, har også behov for kommunale tenester.

Kommunen har fått ekstraordinært skjønstilskot i perioden 2011 - 2016 som følgje av omlegginga av inntektssystemet frå og med 2011, årleg kr. 1,8 mill. Denne kompensasjonen fell bort i 2017.

tilskot 2017,           kr. 5,5 mill.

#### Kvam

tilskot 2016,           kr. 9,1 mill.

Kommunen har hatt negative netto driftsresultat i 2014 og 2015. Kommunen har fått reduserte inntekter i dei siste åra knytt til låge kraftprisar. Kommunen vil få inntektstap som følgje av graderinga av basistilskot frå og med 2017.

Den langstrakte geografien, og vegar med rasutsette strekningar, gir kommunen ekstra utfordringar. Kommunen har vekst i sentrale strok og nedgang i ytre strok.

Kommunen har mange fritidsbustader og er regionsenter med vidaregåande skular. Kommunen var tidlegare vertskommune og talet på ressurskrevjande brukarar er aukande.

Kommunen har arbeidd mykje med organisering for å gjera tenestetilbodet meir effektivt. Det er ei målsetjing å vri ressursar over frå behandling til førebygging.

Kommunen har frå og med 2004 vore plassert i sone for høgaste arbeidsgivaravgift. Kompensasjon for høgare avgift er blitt trappa ned i 2015 og 2016. Kompensasjon blir trappa ytterlegare ned i 2017.

tilskot 2017,           kr. 8,8 mill.

#### Fusa

tilskot 2016,           kr. 4,9 mill.

Kommunen er desentralisert med stor grad av spreidd busetnad. Kommunen har mykje kommunal veg. Det er behov for å styrka vedlikehald og opprusting av vegane. Kommunen har fått overført ansvaret for tidlegare riks- og fylkesvegane. Det er også behov for vedlikehald og opprusting av kommunale eigedomar.

Spreidd busetnad og dårleg standard på dei kommunale vegane bidreg til at pleie og omsorg / heimetenesta får mykje reisetid for å nå ut til brukarane.

Kommunen har mange ressurskrevjande brukarar. Frå 2017 fell refusjon bort for ein ressurskrevjande brukar, som kjem over aldersgrensa for tilskot.

Kommunestyret vedtok i desember 2015 å redusera talet på kommunale barneskular frå seks til fire frå hausten 2016 (ein privatskule frå tidlegare). Det blir no starta opp to nye privatskular i dei bygdene kor det ikkje lenger er kommunale skular. Dette vil gi kommunen eit inntektstap.

tilskot 2017,           kr. 5,1 mill.

#### Samnanger

tilskot 2016,           kr. 2,4 mill.

Kommunen har i dei siste åra fått reduserte inntekter frå kraftproduksjon. Kommunen taper på omlegginga til nytt inntektssystem i 2017 både gjennom redusert basistilskot og halvert småkommunetilskot. Kommunen utvida eigedomsskatten i 2015 frå verk og bruk til også hus og fritidsbustader.

Kommunen har hatt meirforbruk i årsrekneskapen både for 2014 og 2015. Dersom ikkje meirforbruket frå 2014 blir dekt inn i rekneskapen innan utgangen av 2016, vil kommunen bli registrert i ROBEK i løpet av 2017.

Kommunen har i fleire år gitt tilbod til ein respiratorpasient. For 2017 vert det rekna med utgifter på kr. 3,8 mill. i denne samanheng. Pasienten er over 67 år og kommunen får difor ikkje statleg kompensasjon gjennom tilskotsordninga for ressurskrevjande tenester.

Kommunen har i år teke i bruk ny sjukeheim. Trass i gode statlege tilskotsordningar og låg rente, er det ei stor økonomisk belastning for kommunen.



tilskot 2017,           kr. 2,4 mill.

Os

tilskot 2016,           kr. 1,0 mill.

Kommunen har høg folkevekst og utbygging av infrastruktur er framleis nødvendig. Stor tilflytting fører også til at kommunen har høge utgifter knytte til språkdeling i skulen. Kommunen har mange fritidsbustader. Det har i større grad enn tidlegare ført til auka behov for tenester frå heimesjukepleie.

Ekstraordinært skjønstilskot, årleg kr. 2,6 mill., frå 2011 til 2016, fell bort i 2017.

Kommunen får statleg veksttilskot. Det er rekna med ein auke i dette tilskotet frå 2016 (kr. 10,9 mill.) til 2017 (kr. 16 ¼ mill.). Tilskotet svingar mykje frå år til år.

Det blir no gjennomført utbygging av nytt moderne heildøgns pleie- og omsorgssenter. Nye plassar blir tekne i bruk gradvis frå 2017/2018 og framover.

Kommunen er med i prosjektet statleg finansiering av omsorgstenestene. Det vil vere dei utførte tenestene som utløyser finansiering frå staten. Nesten halvparten av rammetilskotet til kommunen vil bli trekt inn som følgje av prosjektet.

Kommunen har ikkje innført noko eigedomsskatt, korkje på verk og bruk eller på andre faste eigedomar.

tilskot 2017,           kr. 1,1 mill.

Austevoll

tilskot 2016,           kr. 1,8 mill.

Kommunen er ein øykommune utan vegsamband med andre kommunar. Kommunen bidreg økonomisk, saman med næringslivet, til eit utvida ferjetilbod mellom Austevoll og Bergen. Stabilitet i ferjetilbodet er viktig for næringslivet i kommunen.

Det er framleis eit stort etterslep på vedlikehald av kommunale bygg og kommunale vegar.

Kommunen har mange fritidsbustader. Det fører til ekstra økonomisk belastning på tenester som t.d. heimesjukepleie og brannberedskap. Det er fritidsbustader på 20 veglause øyar. Kommunen må ha eigen båt for skyss av helsepersonell og pasientar, i samarbeid med Helse Bergen. Det kostar kommunen opp mot kr. 1,5 mill. i året å ha denne tenesta.

Kommunen har eit høgt ordinært skattenivå knytt til inntekt og formue.

Frå og med 2013 er eigedomsskatt på bustader, fritidseigedomar og næringseigedom teken bort. Eigedomsskatt er berre blitt vidareført for verk og bruk.

tilskot 2017,           kr. 1,7 mill.

### Sund

tilskot 2016,           kr. 1,1 mill.

Kommunen innførte eigedomsskatt på faste eigedomar i heile kommunen frå og med 2008.

Kommunen har fått statleg veksttilskot frå og med 2011. Det er rekna med ein stor auke i veksttilskotet frå 2016 (som er i underkant av kr. 1,0 mill.) til 2017 (som vil bli i underkant av kr. 3,6 mill.).

Kommunen får i år statleg eingongstilskot kr. 3,1 mill. til vedlikehald og rehabilitering som følgje av høg arbeidsløyse.

tilskot 2017,           kr. 1,2 mill.

### Fjell

tilskot 2016,           kr. 1,7 mill.

Kommunen har hatt stor folkevekst i mange år og det er ei ung befolkningssamansetjing. Over tid må det påreknast stor vekst i dei eldre aldersgruppene. Kommunen har fått veksttilskot i 2015 og 2016. Påreknast veksttilskot for 2017 er kr. 11,7 mill., som er noko lågare enn i 2016.

Kommunen vil i 2017 få større trekk i utgiftsutjamninga som følgje av oppdateringa av kostnadsnøklane og større vekt på aldersgruppene 67 - 79 år og 80 - 89 år.

Kommunen har nynorsk som hovudmål. Ein stor del av foreldra vil ha bokmål for barna i skulen. Det fører til auka kostnader knytt til språkdelling i skulen.

Kommunen har fått ekstraordinært skjønstilskot, årleg kr. 2,5 mill. i perioden 2011 - 2016, knytt til omlegginga av inntektssystemet frå og med 2011. Tilskotet fell bort for 2017.

Kommunen får i 2016, kr. 9,4 mill., til vedlikehald og rehabilitering som følgje av høg arbeidsløyse.

Kommunen har innført eigedomsskatt for verk og bruk og næringsseigedom frå 01.januar 2016.

tilskot 2017,           kr. 1,8 mill.

### Askøy

tilskot 2016,           kr. 1,7 mill.

Kommunen har hatt høg folkevekst i mange år og har ei ung alderssamansetjing. Det er gjennomført store investeringar og kommunen har eit høgt gjeldsnivå. Det er i økonomiplanperioden lagt opp til store investeringar i skulesektoren som vil auka gjeldsnivået ytterlegare.

Kommunen vil i 2017 få ein stor reduksjon i utgiftsutjamninga som følgje av oppdateringa av kostnadsnøklane og større vekt på aldersgruppene 67 - 79 år og 80 - 89 år.

Kommunen har i fleire år fått veksttilskot. Pårekna veksttilskot for 2017 er om lag kr. 7,8 mill., som er noko lågare enn for 2016.

Kommunen har fått ekstraordinært skjønstilskot i perioden 2011 - 2016, årleg kr. 0,4 mill., som fell bort i 2017.

Kommunen har eit lågt ordinært skattenivå. Det er innført eigedomsskatt for verk og bruk i heile kommunen frå 01.januar 2016.

tilskot 2017,                   kr. 1,8 mill.

#### Vaksdal

tilskot 2016,                   kr. 0,9 mill.

Kommunen har særskilte utfordringar knytte til folketalsutvikling og næringsutvikling. Sysselsetjinga i kommunen er blitt vesentleg redusert i dei siste åra. Det er utfordrande å skaffa nye arbeidsplassar som kan erstatta bortfallet av arbeidsplassar i den tradisjonelle industrien innan tekstil og trikotasje.

Det er særskilte utfordringar knytte til topografien i kommunen med tilrettelegging av busetnad og utvikling av næringsareal. Det er i aukande grad ras og rasfare i heile kommunen. Kommunen må også ha høg beredskap som følgje av den sterkt trafikkerte E16, som også er utsett for ras.

Kommunen vil få inntektstap av omlegging inntektssystemet gjennom graderinga av basis-tilskotet.

Kommunen har relativt høg eigedomsskatt frå vasskraftanlegg. Eigedomsskatten er noko redusert frå 2014 til 2015.

tilskot 2017,                   kr. 1,0 mill.

#### Modalen

Kommunen har høg naturressursskatt og eigedomsskatt frå vasskraftanlegg. Fylkesmannen finn ikkje å kunne gi skjønstilskot for 2017.

#### Osterøy

tilskot 2016,                   kr. 4,4 mill.

Oppsamla restunderskot vart dekt inn i rekneskapen for 2014.

Kommunen har desentralisert busetnad og store avstandar. Det fører til større kostnader til blant anna heimetenester, skuleskyss og vegvedlikehald. Kommunen har relativt mykje kommunal veg i høve til innbyggjartalet.

Kommunen har utfordringar innan helse og omsorgssektoren med mange tunge brukarar. Det har vore auke i tiltaka for yngre brukarar av helse og omsorgstenester i dei siste åra.

Det er eit stort etterslep innan vegvedlikehald etter at dette er blitt nedprioritert i mange år som følge av svak økonomi.

Kommunen får inntektstap i samband med omlegginga av inntektssystemet, både gjennom redusert basistilskot og lågare utgiftsutjamning.

Kommunen utvida eigedomsskatten frå verk og bruk til faste eigedomar i heile kommunen frå og med 2007.

tilskot 2017,           kr. 4,4 mill.

#### Meland

tilskot 2016,           kr. 3,9 mill.

Kommunen sitt tidlegare rekneskapsunderskot vart dekt inn i årsrekneskapen for 2013.

Kommunen har i mange år vore ein av kommunane i landet med høgast prosentvis folkevekst. Det har blant anna ført til stort behov for nye barnehageplassar og utviding av skulane. Det har over lang tid vore stort behov for å legge til rette infrastruktur i samband med bustadbygging.

Med den høge innflyttinga frå Bergen er det mange av foreldra som ynskjer bokmål i skulen. Kommunen må ha ekstra skuleklassar som følge av språkdelling.

Kommunen opplever ein auke i rusrelaterte problem. Auken kan ha samanheng med nærleiken til Bergen, samt generell folkevekst og tilflytting. Kommunen har høg arbeidsløyse, noko som har samanheng med at befolkninga er ung.

Kommunen får redusert utgiftsutjamning i 2017 som følge av oppdateringa av kostnadsnøklane med større vekt på aldersgruppene 67 - 79 år og 80 - 89 år. Kommunen får redusert basistilskot i 2017, før den særskilte kompensasjonen (2017 - 2019) for kommunar som har gjort vedtak om samanslåing.

Lågare folkevekst i seinare tid fører til at kommunen får ein stor reduksjon i veksttilskotet frå 2016 til 2017, om lag kr. 4 ½ mill. i reduksjon.

tilskot 2017,           kr. 4,1 mill.

#### Øygarden

Kommunen vil få redusert utgiftsutjamning og redusert basistilskot frå 2016 til 2017. Reduksjonen i basistilskot er før den særskilte kompensasjonen (2017 - 2019) for kommunar som slår seg saman.

Kommunen har høg eigedomsskatt frå olje- og gassindustri. Kommunen hadde eigedomsskatt i 2015 med om lag kr. 155 mill.

Fylkesmannen finn på denne bakgrunn ikkje å kunne gi skjønstilskot for 2017.

### Radøy

tilskot 2016,           kr. 3,6 mill.

Kommunen vil få redusert basistilskot i 2017, før den særskilte kompensasjonen (2017 - 2019) for kommunar som slår seg saman.

Kommunen søkte for 2016 om ekstraordinært tilskot kr. 300.000,- til ekstern gjennomgang av organiseringa av tenestetilbodet til personar med utviklingshemming. Kr. 0,3 mill. av tilskotet til kommunen for 2016 er eit eingongstilskot til dette føremålet, som ikkje blir vidareført for 2017.

Kommunen hadde i 2015 vesentleg svakare skatteutvikling enn gjennomsnittet av kommunane. Kommunen har eit lågt skattenivå. Skatteutviklinga no i år har førebels vore negativ. Kommunen har relativt høg arbeidsløyse.

Kommunen har relativt mange ressurskrevjande brukarar. I dei siste åra har kommunen hatt aukande kostnader til ressurskrevjande tenester.

Kommunen har i år hatt vesentleg auke i utbetaling av stønad til livsopphald. Det har blant anna samanheng med at det er fleire familiar utan lønsinntekt, fleire personar med rusproblem og verknader av nedgangen i oljeindustrien.

Kommunen har mange fritidsbustader og må yta ekstra kommunale tenester i periodar av året.

tilskot 2017,           kr. 3,7 mill.

### Lindås

Statoil sitt oljeraffinerianlegg ligg på Mongstad og gir høge eigedomsskatteinntekter. Eigedomsskatt for kommunen i 2015 var kr. 158,6 mill.

Kommunen har fått ekstraordinært skjønstilskot, årleg kr. 7,6 mill. i perioden 2011 - 2016, knytt til omlegginga av inntektssystemet frå og med 2011. Dette tilskotet fell bort i 2017. Kommunen vil få reduksjon i utgiftsutjamninga frå 2016 til 2017 i samband med oppdateringa av kostnadsnøklane.

Kommunen får i 2016 statleg eingongstilskot kr. 3,0 mill. som følgje av høg arbeidsløyse.

På bakgrunn av dei høge eigedomsskatteinntektene frå Mongstad anlegget, finn vi ikkje å kunne gi skjønstilskot for 2017.

### Austrheim

tilskot 2016,           kr. 2,1 mill.

Kommunen vil i 2017 som følgje av omlegginga av inntektssystemet få redusert basistilskot. Utgiftsutjamninga vil auka noko frå 2016 til 2017.

Kommunen hadde eit meirforbruk i rekneskapen for 2015, kr. 7,9 mill. Kommunen vil bli registrert i ROBEK dersom ikkje meirforbruket frå 2015 blir dekt inn innan utgangen av

2017. Kommunen vil også bli registrert dersom budsjettert inndekning for 2016 ikkje blir gjennomført.

Det er vedteke utviding av eigedomsskattegrunnlaget i 2017 frå verk og bruk til også annan næringsseigedom, som kan utgjere kr. 4 - 5 mill. i årleg meirinntekt. Det er ikkje gjort vedtak om utviding av eigedomsskatt til bustader og fritidseigedomar.

Kommunen har eit relativt godt inntektsgrunnlag, både som følge av høg personskatt og eigedomsskatt frå ein del av Mongstad - anlegget.

Kommunen har fått ekstraordinært skjønstilskot knytt til omlegging av inntektssystemet frå og med 2011, årleg kr. 1,6 mill. i perioden 2011 - 2016. Dette tilskotet fell bort i 2017.

Kommunen har i dei siste åra ikkje fått småkommunetilskot (2014 - 2016). Det er rekna med at kommunen på nytt vil få småkommunetilskot i 2017, men berre med 50 prosent av fullt tilskot som følge av høg distriktsindeks. Dersom skattenivået i kommunen samanlikna med landsgjennomsnittet aukar att, vil det kunne medføra at småkommunetilskotet fell bort i seinare år (etter 2017).

Kommunen har opplyst at det er store ekstra kostnader til ressurskrevjande elevar og minoritetsspråklege elevar i skulane. Kommunen har også vist til ekstra bemanning i barnehagane for barn med særlege behov.

Fylkesmannen vil vidareføra skjønstilskotet for 2017 på nesten same nivå som i 2016. Kommunen må gjennomføra nødvendige tiltak med omsyn til underskotsinndekning og økonomisk balanse. Målsetjinga er å gjennomføra budsjettert inndekning i 2016 og dekkja inn restunderskotet innan utgangen av 2017.

tilskot 2017,           kr. 2,0 mill.

Fedje  
tilskot 2016,           kr. 1,4 mill.

Kommunen har over lang tid hatt ei negativ utvikling i folketalet. I dei siste to åra har kommunen hatt noko vekst i folketalet. Den positive utviklinga i den siste tida skuldast at det over lang tid er blitt tilrettelagt for busetjing og næringsverksemd.

Kommunen har vedlikehaldsetterslep og det er behov for å betre inneklimate i kommunale bygg. Kommunen har for ein stor del eldre bygningsmasse som krev fornying. Dette omfattar både sjukeheimen og skulen.

Kommunen vil få fullt småkommunetilskot i 2017.

tilskot 2017,           kr. 1,5 mill.

Masfjorden  
Kommunen har eit godt inntektsgrunnlag som følge av naturressursskatt og eigedomsskatt frå vasskraftanlegg.

Kommunen vil få småkommunetilskot også i 2017 men redusert til 60 prosent av fullt tilskot som følge av relativt høg distriktsindeks.

Fylkesmannen finn ikkje å kunne gi skjønstilskot for 2017.

Med helsing

Lars Sponheim

Rune Fjeld  
assisterande fylkesmann

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Vedlegg

Fordeling av skjønstilskot for 2017

<b>ÅR :</b>				
	<b>2017</b>			
<b>i kr. 1,000,-</b>		<b>tilskot</b>	<b>tilskot</b>	<b>endring i</b>
		<b>2016</b>	<b>2017</b>	<b>kr.</b>
<b>KOMMUNANE</b>				
<b>1201</b>	<b>Bergen</b>	16200	16700	500
<b>1211</b>	<b>Etne</b>	3700	3600	-100
<b>1216</b>	<b>Sveio</b>	3700	3800	100
<b>1219</b>	<b>Bømlo</b>	10000	9700	-300
<b>1221</b>	<b>Stord</b>	2000	2300	300
<b>1222</b>	<b>Fitjar</b>	3100	3100	0
<b>1223</b>	<b>Tysnes</b>	4300	4000	-300
<b>1224</b>	<b>Kvinnherad</b>	0	0	0
<b>1227</b>	<b>Jondal</b>	1900	1700	-200
<b>1228</b>	<b>Odda</b>	0	0	0
<b>1231</b>	<b>Ullensvang</b>	2600	2600	0
<b>1232</b>	<b>Eidfjord</b>	0	0	0
<b>1233</b>	<b>Ulvik</b>	0	0	0
<b>1234</b>	<b>Granvin</b>	1500	1700	200
<b>1235</b>	<b>Voss</b>	5400	5500	100
<b>1238</b>	<b>Kvam</b>	9100	8800	-300
<b>1241</b>	<b>Fusa</b>	4900	5100	200
<b>1242</b>	<b>Samnanger</b>	2400	2400	0
<b>1243</b>	<b>Os</b>	1000	1100	100



<b>1244 Austevoll</b>		1800	1700	-100
<b>1245 Sund</b>		1100	1200	100
<b>1246 Fjell</b>		1700	1800	100
<b>1247 Askøy</b>		1700	1800	100
<b>1251 Vaksdal</b>		900	1000	100
<b>1252 Modalen</b>		0	0	0
<b>1253 Osterøy</b>		4400	4400	0
<b>1256 Meland</b>		3900	4100	200
<b>1259 Øygarden</b>		0	0	0
<b>1260 Radøy</b>		3600	3700	100
<b>1263 Lindås</b>		0	0	0
<b>1264 Austrheim</b>		2100	2000	-100
<b>1265 Fedje</b>		1400	1500	100
<b>1266 Masfjorden</b>		0	0	0
<b>Ikkje - fordelt</b>		33300	32400	-900
<b>SUM</b>		127700	127700	0